


Turen har Voss sentrum/Vossevangen som utgangspunkt og går gjennom vakkert jordbruksland, langs vatn og elvar, til kjende stader som Vinje, Oppheim og Stalheim.

The tour starts in Voss centre/Vossevangen and goes through pastoral landscapes, along lakes and rivers and well-known places like Vinje, Oppheim and Stalheim.



Voss kommune ligg flott plassert mellom Hardangerfjorden i sør og Sognefjorden i nord. Ser ein kommunegrensene ovanfrå, er dei forma som ei stjerne.

Voss sentrum, eller Vossevangen som tettstaden heiter, vart i april dagane 1940 nokså øydelagt, men i dag atterreist til ein triveleg «by».

Den fyrste Turistnemnda vart skipa i året 1929. Turist- og reiselivsnæringa har i årtider arbeidt med å gjera Vossadistriktet kjent i inn- og utland.

«Du kjenner ikkje Vestlandet rett før du har vore på Voss»

The Voss Municipality is beautifully situated between the Hardangerfjord to the south and the Sognefjord to the north. A bird's eye view of the municipality reveals that it is shaped like a star.

Voss centre, or Vossevangen as the village is named, was heavily damaged during the invasion in 1940, but it now appears as a pleasant little "town".

The first Tourist Society was founded in 1929 and the local tourist industry has worked tirelessly for decades to make the Voss district known both at home and abroad. "You don't really know Western Norway before you have been to Voss".



Vossebrudlaup.

Foto: Sveinung Klyve



Stalheimskleiva.

Foto: R. Sørensen

Avstander/Distances:

Voss-Skulestadmo	3 km
Skulestadmo-Tvinde	9 <
Tvinde-Vinje	7 <
Vinje-Oppheim	6 <
Oppheim-Stalheim	6 <
Stalheimskleiva	0,8 <
Stalheim-Gudvangen	12 <
Gudvangen-Flåm	12 <

Reiserute

Frå Voss sentrum/Vossevangen nordover på E16/Rv13, til venstre i første rundkjøringa skilta Gudvangen. Vidare forbi Skulestadmo (1) til Løno (2), Tvinde (3) og Sundve (4).

I krysset på Vinje (5) til høgre og vidare på E16 til Oppheim (6), forbi Haugsvik og mot Stalheim (7). Ta av E16 skilta Stalheim mot venstre. Etter Stalheim (7-8) køyr Stalheimskleiva ned (9-10-11) og inn på E16.

Her gjer ein eit vegval: Til høgre vidare til Gudvangen, Flåm og Aurland, eller snu til venstre og returner attende til Voss.

Route

Go north from Vossevangen along E16/Rv13 to the roundabout where you turn left at the sign for Gudvangen. Continue past Skulestadmoen (1), Løno (2), Tvinde (3) and Sundve (4).

Turn right at the junction in Vinje and proceed on E16 to Oppheim (6,7). Go past Haugsvik and turn left off E16 at the sign for Stalheim (8,9). Drive down Stalheimskleiva (10,11,12) and back onto E16. Now you have a choice: to the right and on to Gudvangen, Flåm and Aurland - or to the left and back to Voss.



Lette og merka fotturar. Eigne kartskisser og informasjon for kvar tur
Easy and marked walks. Especially designed maps and information to each walk

Stader og ymse av interesse:

(1) I Skulestadmo kan ein ta inn på veg til venstre skilta Mølstertunet/Bavallen, nokre meter på denne vegen til nytt kryss same skilt, ca. 300 meter til nytt kryss, til venstre veg til Mølster/Mølstertunet og til høgre veg til Bavallen, ca. 2 km. Her er det overnattingsstilbod sommar og vinter. Fleire stolheisar som er i bruk vinterstid. Her er inngangsporten til vinteridretten, hoppbakke, slalåm og utforløyper. På sommartid merka sti til Lønahorgi 1412 m.o.h.

(2) På garden Løne like ved vegen, ca. 9 km frå Voss, driv Ivar Løne sin produksjon som er sviing av smalahove. Ein produksjon som i seinare år har auka betrakteleg. I staburet vert maten servert for slutta lag. I innhekket like ved vil ein sjå hestar og føl.

(3) Ved Tvinde Camping finn ein Tvinnefossen, 150 meter fossefall. Ved høg vassføring er det eit syn å sjå vatnet hoppa frå hylle til hylle på si ferd nedover fjellsida.

(4) Ved Sundve skule køyr inn på bygdeveg til venstre merka Engjaland. Køyr vidare ca. 4 km i fin natur opp til Engjaland Fjellstove. Verstskapet her driv og Stølsheimen Fjellridning. Her kan ein oppleva flotte rideturar på hesteryggen rett inn i fjellheimen.

Ved å køyra 3 km på bomveg til Reppane seter, kan ein parkera bilen og gå på merka T-sti til Torvedalen. Dette er ein lang tur (minst 4 timar). Alternativ er å gå nokre km på denne stien, returnera for så å ta same veg attende til Reppane seter.

(5) Vinje er eit aktivt lokalsamfunn med overnattings-stader, butikk og kyrkje. Ein av parsellane til Kongevegen som er ein rydda sti, fin til turgåing, startar på Vinje og går til Oppheim (4 km).

(6) Oppheim er som Vinje ein tettstad med overnattings- og serverings-stader, butikk og kyrkje. Oppheim Gamle Prestegard ligg like ved Oppheim kyrkje. Her er ein samling av innbu og lausøyre frå Vossestrand (ikkje fast opningstid).

Frå Oppheim går det traktorveg (rett bak kyrkja) til Oppheimsdalen. Her er stølar som ikkje lenger har stølsdrift, men vert nytta som hytter. Herfrå kan ein gå over til Myrkdalen. Denne ruta er ikkje merka.

(7) Stalheim Hotel. Den aukande turismen i slutten av forrige århundre førte til at det fyrste hotellet på Stalheim vart oppretta i 1885. Hotellet slik det står i dag, vart bygd i 1960, det fjerde i rekkja. Frå hotellet er det storslått utsikt over Nærøydalen og Jordalsnuten som er forma som ein sukkertopp.

(8) Stalheim Museum. Avdøde Kaare Tønneberg grunnla og bygde opp Stalheim Museum i tida 1927-1980. Ei rik og vakker samling av et gårds-tun med 22 bygningar, der det eldste er frå 1500-talet, ein stor utstillings-hall og Lekvehuset frå Voss frå 1725. Omvising i museet etter avtale med hotellet.

(9) Sivlebauteaen står ved toppen av Stalheimskleiva, sett opp til minne om diktaren Per Sivle, fødd i Flåm 1857, men vaks opp på garden Brekke ved Stalheim.

(10) Stalheimskleiva, byggeår 1845, var ein viktig trase på vegsambandet Gudvangen-Bergen heilt fram til 1980. Med 13 hårnålssvingar, smal vegbane 4-5- meter og stigning på 20% kunne dette vera eit vanskeleg vegstykke vinterstid. I dag er Stalheimskleiva vinterstenget, men har ope for trafikk frå 1. mai til 1. oktober.

(11) Sivle- og Stalheimsfossen er to fossefall ein ser godt når ein tek Stalheimskleiva fatt. Fossane har fallhøgde på 240 og 126 meter.

Places of interest and attractions:

1. In Skulestadmo you turn left at the signs to Mølstertunet/Bavallen and follow these signs through the first crossroads. After another 300 metres there are signs for Mølster and Mølstertunet to the left and Bavallen to the right. Turn right and drive 2 km to Bavallen. Here you find year-round overnight accommodations and several chair lifts that are operative during winter. This is the gateway to the winter sports area with ski-jump, slalom and downhill. During summer you can enjoy a marked trail to the top of Lønahorgi at 1412 metres.

2. Løne Farm is on the left about 9 km. from Voss. The farmer, Ivar Løne, specialises in production of scorched sheep's heads; the demand for this local delicacy has virtually exploded in recent years. Groups may arrange for a meal in the old "Stabbur".

3. Tvinde Camping is located near the 150 metre high waterfall Tvindefossen; a lovely sight with the water cascading down the rock shelves in the steep mountainside.

4. At Sundve School you turn left onto a local road with a sign to Engjaland. After 4 km through a lovely landscape you are at Engjaland Fjellstove. The proprietors also operate Stølsheimen Fjellridning with tours on horseback into the mountains. You can also drive 3 km along a mountain road (please close the cattle bar) to Reppane Seter and proceed on foot along a T-marked trail to Torvedalen. The tour takes four hours, so an alternative is to walk just a few kilometres and return the same way.

5. Vinje is a busy little hamlet with several overnight facilities, shops and church. A 4 km segment of the old Kongevegen (King's Road) has been cleared and is now a fine trail between Vinje and Oppheim.

6. Oppheim, like Vinje, has several overnight facilities, restaurants, shops and church. Oppheim Gamle Prestegard (Old Rectory) near the church contains a collection of furniture and ornaments from the local area of Vossestrand. (Open by appointment).

7. From Oppheim you can take a tractor road (from behind the church) to Oppheimsdalen. There are several old mountain pastures here but no cows anymore. The shealings are used as leisure cabins. You can take a trail (unmarked) to Myrkdalen from here.

8. The first Stalheim Hotel was built in 1885 in response to a rapid growth in tourism towards the end of the previous century. The present hotel is the fourth building on the same spot and was finished in 1960. From the hotel there is a magnificent view of Nærøydalen and Jordalsnuten.

9. Stalheim Museum was founded and developed by the late Kaare Tønneberg in the period 1927-1980, and contains an interesting collection of 22 old buildings, an exhibition hall, and the Lekve-house from Voss from 1725. Contact the hotel for a guided tour.

10. At the top of Stalheimskleiva there is a stone monument commemorating the poet Per Sivle, who was born in Flåm in 1857 and grew up on the farm Brekke by Stalheim.

11. The steep road in Stalheimskleiva was built in 1845 and was an important part of the Bergen-Gudvangen road. With its 13 hairpin turns, a width of only 4 or 5 metres and an incline of 20%, it was a formidable challenge during winter. This road is closed during the winter, but is open from May 1st to October 1st.

12. The two waterfalls Sivlefossen and Stalheimsfossen afford a magnificent view as you start on Stalheimskleiva. The falls have heights of 240 m and 126 m respectively.